

RAPPORT C

**TOMTEVURDERING KJELL HAUG-GARSJEN PÅ BJØRKHEIM
OG NÆRARE UNDERSØKINGAR AV TOMT PÅ LØNNEBAKKEN**



Datert: 15.08.2024

Utarbeidd av: ABO Plan & Arkitektur AS


INNHALDSLISTE

1	INNLEIING	3
2	METODIKK FOR VURDERING	4
3	LOV, FORSKRIFT OG FØRINGAR	4
3.1	<i>Rettleiing</i>	4
4	VURDERING AV «KJELL HAUG-TOMTA»	5
4.1	<i>DAGENS SITUASJON</i>	5
4.2	<i>OVERORDNA TOMTEVURDERING AV GNR/BNR 21/38, «KJELL HAUG-GARASJEN»</i>	7
4.3	<i>TILKOMST OG INFRASTRUKTUR</i>	8
4.4	<i>ROMLØYSING</i>	9
4.5	<i>KALKYLER</i>	11
4.6	<i>USIKKERHEIT OG RISOKO</i>	12
5	NÆRARE VURDERINGAR AV TOMT PÅ LØNNEBAKKEN	13
5.1	<i>DAGENS SITUASJON</i>	13
5.2	<i>TILKOMST OG INFRASTRUKTUR</i>	14
5.3	<i>ROMLØYSING</i>	15
5.4	<i>KALKYLER</i>	17
5.5	<i>USIKKERHEIT OG RISIKO</i>	18
6	OPPSUMMERING	18
7	VEDLEGG	19


1 INNLEIING

Denne rapporten er ein tilleggssrapport til rapport A og B om vurdering av tomter for bygging av ny brannstasjon, samt ombygging av eksisterande stasjon på Tysse. I denne rapporten (C) er ei ny tomt vurdert, i tillegg til at ei tomt frå rapport A er nærare undersøkt.

Samnanger kommunestyre, 02.02.23 sak 007/2023



Samnanger kommunestyre, 25.04.24 sak 35/2024



Punkt om salssum og informasjon til næringsdrivande har administrasjonen følgd opp. Denne oppfølginga er ikkje ein del av denne rapporten.

Vurderinga i denne rapporten, slik som i dei to andre rapportane, bygger på krav i gjeldande forskrifter og lovverk knytt til arbeidsmiljø og helse, miljø og tryggleik.

2 METODIKK FOR VURDERING

Denne rapporten inneheld vurdering av to ulike tomter. Tomta på Lønnebakken vart allereie vurdert på eit overordna nivå i rapport A, i samsvar med fastsette kriteria for vurdering av tomt til ny brannstasjon. I denne rapporten (C) er det sett nærare på aktuell planløyning, disponering av uteareal og naudsynte infrastrukturiltak. Det er òg gjort ei kostnadsberekning.

Eigedomen der Kjell Haug-garasjen ligg, er ikkje vurdert på overordna nivå i rapport A om lokalitetsvurdering. På bakgrunn av dette er det i denne rapporten gjort ei vurdering av Kjell-Haug garasjen i samsvar med den framgangsmåten som er nytta for dei øvrige tomtene i rapport A. Vurderingskriteria er nærare beskrive i rapport A. I tillegg er det teikna ut planløyning for ombygging av eksisterande garasje, og tilkomst/infrastruktur er vurdert. Det er òg gjort ein kostnadsberekning.

3 LOV, FORSKRIFT OG FØRINGAR

Lov, forskrift og føringar går fram av både rapport A og B, og er difor ikkje gjengjeve her.

Det følgjer planteikningar til begge tomtene som er vurdert i denne rapporten. Alle planteikningar som følgjer rapporten er i tråd med gjeldande krav knytt til arbeidsmiljø og helse, miljø og tryggleik.

3.1 Rettleiing

I søknad om Arbeidstilsynets samtykke må tiltakshavar dokumentere at krava til det fysiske arbeidsmiljøet er oppfylt, også i dei tilfelle der bygning ikkje har faste arbeidsplassar.

Les meir om dette her:

<https://www.arbeidstilsynet.no/tema/byggesak/veiledning-til-dokumentasjonskrav-ved-soknad-om-arbeidstilsynets-samtykke/krav-til-lokaler-med-ikke-faste-arbeidsplasser/>

Tilsette ved brannstasjonar blir utsette for arbeidsmiljøfaktorar som kan føre til blant anna kreft. Ved brannstasjonar skal difor dei fysiske forholda gi vern mot forureining frå brannrøyk, helsefarlege kjemikaliar og biologiske faktorar. Spesielt viktig er det å oppfylle kravet om reine og ureine område med dusj mellom.

Arbeidstilsynet har utarbeida eit dokument om krav til fysisk arbeidsmiljø i brannstasjonar: <https://www.arbeidstilsynet.no/tema/byggesak/veiledning-til-dokumentasjonskrav-ved-soknad-om-arbeidstilsynets-samtykke/krav-til-fysisk-arbeidsmiljo-i-brannstasjonar/>

4 VURDERING AV «KJELL HAUG-TOMTA»

I dette kapitlet er moglegheita for bruk av eksisterande garasje på gnr/bnr 21/38 utgreidd og kostnadsberekna, i tråd med politisk vedtak 25.04.24 sak 35/2024.

Utgreiinga er avgrensa til følgande:

- Tomta er vurdert opp mot dei overordna kriteria som vart fastsett i rapport A
- Arkitekt har undersøkt teknisk og arealmessig moglegheit for ombruk av bygget
- Areal og løysingar for tilkomst og parkering
- Vurdering av bygg og tilkomst/infrastruktur opp mot gjeldande krav og føringar
- Grove kalkylar knytt til både ombygging og etablering av naudsynt infrastruktur

4.1 DAGENS SITUASJON

Kjell Haug-Garasjen er lokalisert på Bjørkheim. Tomtearealet er ca. 1800 m² og grunnflata i eksisterande bygg er 557 m². Det er 5 portar i bygget, og ein vaskehall. Mellom garasjen og fylkesvegen er ein større asfaltert flate. Tilkomst er i dag gjennom sentrumsområdet på Bjørkheim.



Figur 1. Eigedomer der «Kjell Haug»-garasjen står ligg på Bjørkheim, i nær tilknytning til eksisterande butikk og andre sentrumsfunksjonar.



Figur 2. Tomta sett frå fylkesvegen.




Figur 3. Fasade mot nordaust.



Figur 4. Garasjen sett frå baksida, mot sørvest. Her er òg dagens tilkomst til tomte.

Kjell-Haug garasjen består i dag av en vaskehall med 1 port, en hall med 5 portar og ein verkstad med 1 port.



Figur 5. Planteikning for eksisterande garasje. Det er noko avvik mellom teikning og faktisk situasjon.

4.2 OVERORDNA TOMTEVURDERING AV GNR/BNR 21/38, «KJELL HAUG-GARASJEN»

Eigedom 21/38 er ikkje vurdert etter dei same kriteria som øvrige tomter i lokalitetsvurdering (rapport A). Dette er difor gjort i denne rapporten, i skjema under. På denne måten vert det sikra at det overordna vurderingsgrunnlaget er likt for alle tomtene som er inkludert i tomteanalysearbeidet.


Vurdering av tomt											
Tema	Konsekvens	Skildring, kunnskapsgrunnlag, uvisse									
Lokalisering og responstid		Tomta oppfyller krav til responstid til 10-minuttersobjekta, men berre dersom det vert etablert ein ny avkjørsle direkte ut i fylkesveg: <table border="1" data-bbox="785 1883 1422 2058"> <tr> <th colspan="3">GJENNOMSNIITTELEG UTRYKKINGSTID</th> </tr> <tr> <td>Plassering stasjon</td> <td>Samnangerheimen</td> <td>Skottebakken</td> </tr> <tr> <td>Kjell-Haug garasjen</td> <td>09:50</td> <td>06:50</td> </tr> </table>	GJENNOMSNIITTELEG UTRYKKINGSTID			Plassering stasjon	Samnangerheimen	Skottebakken	Kjell-Haug garasjen	09:50	06:50
GJENNOMSNIITTELEG UTRYKKINGSTID											
Plassering stasjon	Samnangerheimen	Skottebakken									
Kjell-Haug garasjen	09:50	06:50									

Godkjenningsprosess – myndighetsavklaringar (byggegrense mot veg, landbruk, naturmangfald)		Tomta er bebygd frå før, og det er ikkje landbruks-, natur- eller kulturverdiar som vert råka. Byggjegrense og ny avkøyring mot fylkesveg er drøfta med Vestland fylkeskommune i møte. Fylkeskommunen anbefaler ikkje ny avkøyring direkte mot fylkesveg, og vil heller ikkje anbefale utrykking gjennom senterområdet på Bjørkheim. Tilkomst er difor usikkert, og må avklarast gjennom formelle prosessar.
Tomtestorleik for bygg og uteareal. Moglegheiter for utviding og samlokalisering ROS		Tomta er noko avgrensa i areal med omsyn til manøvrering, parkering og tilkomst. Det er ein føresetnad at kommunal eigedom sør for garasjen vert nytta og tilrettelagt for parkering. Eventuelt kan det etablerast nokre parkeringsplassar under rampe/bru mot nytt kryss. Området er ikkje utsett for naturfarar (skred/flaum). Tomta ligg i kort avstand til større bustadkonsentrasjonar. Kort veg og god tilkomst til sjø. Fylkeskommunen har gitt førebels vurdering av at tilkomst til denne tomte kan vere utfordrande med omsyn til trafikktryggleik (sjå vedlagt notat frå fylket si TS-gruppe).

4.3 TILKOMST OG INFRASTRUKTUR

Det er undersøkt og drøfta to ulike alternativ for tilkomst til gnr/bnr 21/38: gjennomkøyring gjennom Bjørkheim og ny avkøyrslé direkte mot fylkesveg. Alternativa har vore drøfta med Vestland fylkeskommune i møte. Som skildra i tabell over, er fylkeskommunen kritisk til begge alternativa. ABO vurderer ny avkøyrslé direkte mot fylkesveg som det beste tilkomstalternativet for å unngå utrykkingstrafikk gjennom Bjørkheim. Ny avkøyrslé vil krevje rampe/bru opp mot fv49 på grunn av høgdeforskjell. Denne løysinga gjer det naudsynt å sikre køyrbar tilkomst på utsida, til nausta som ligg inst i vågen.

Det er avklart med fylkeskommunen i møte at byggjegrense mot fylkesveg kan settast lik dagens eksisterande bygg. Det næraste er 25 meter, og dette er difor byggjegrensa som er lagt til grunn.



Figur 6. Illustrasjonsplan for ombygging av Kjell Haug-garasjen med tilhørende infrastruktur. Her er alternativ med tilkomst direkte frå fylkesveg vist.

4.4 ROMLØYSING

Arkitekt har funne at eksisterande garasje på gnr/bnr 21/38 kan byggast om til brannstasjon med ei planløsning som stettar alle gjeldande krav til rein og urein sone. Dette krev eit mindre tilbygg. BRA er 630 m².


I tilbygget er det inngang til kjønsdelte fingardarbar med dusj og toalett. Frå fingardaroben kjem ein inn i felles utrykkingsgarderobe og vidare ut i vognhall med 4 portar. Ein eller fleire av portane skal ha dør.

Arealet for eksisterande vaskehall er bevart. Her er det i tillegg teikna inn ei barrieremaskin, der ein hentar ferdig vaska kle/utstyr i tørkerommet. Frå vaskehallen er det tilgang til ei felles sluse med toalett. Her vert ein slusa gjennom kjønsdelte gardarbar frå urein sone via dusj til kjønsdelte gardarbar i rein sone, og vidare ut til tørkerom. 1.etasje består også av reinhaldssentral og tekniske rom.


Frå vognhallen er det løfteplattform og trapp opp til ein 2. etasje over gardarobeareal og verkstad. Denne etasjen består av kontor, spiserom/møterom/debrief, HCWV og ventilasjonsrom.

Frå vognhallen er det i tillegg ei trapp opp til ein 2. etasje over garderobeareal i urein sone. Dette arealet er sett av til lager.

Ved en evt. vidare prosjektering må prosjektet utviklast vidare og i samråd med Brannvesenet og kommunen.



Figur 7. Planteikning 1. etasje.



Figur 8. Planteikning 2. etasje.



Figur 9. Oversikt over rein og urein sone.

4.5 KALKYLER

Det er gjort ei grov kalkyle av dette alternativet. For bygget er det rekna med oppgradering til TEK17 med utvendig isolering av vegg og innvendig isolering av tak. Det er rekna med innreiing i samsvar med teikningar og alle element er nye.

Utomhus er det inkludert kostnader knytt til planering, asfaltering og oppmuring. Tilkomstveg direkte mot fylkesvegen er rekna med støttemurer i betong og betongrampe på søyler.

Usikkerheit er inkludert i kalkylane. Det er spesielt knytt usikkerheit til følgjande punkt:

- Truleg ikkje tilstrekkelig med strøm inn til bygget
- Løysingar for spillvatn utanfor bygningskropp
- Trong for oljeavskiljer for vaskehall

Kostnader knytt til erverv av eigedom er ikkje inkludert.

Tekst	Brannstasjon	Pris
KALKYLE		
FELLESKOSTNADER	3 475 566	3 475 566
BYGNING	8 152 430	8 152 430
VVS-INSTALLASJONER	2 840 951	2 840 951
ELKRAFTINSTALLASJONER	2 343 435	2 343 435
EKOM OG AUTOMATISERING	853 457	853 457
ANDRE INSTALLASJONER	4 394 577	4 394 577
SUM : 01-06 HUSKOSTNAD	22 060 416	22 060 416
UTENDØRS	6 486 166	6 486 166
SUM : 01-07 ENTREPRISEKOSTNAD	28 546 581	28 546 581
GENERELLE KOSTNADER	2 809 799	2 809 799
SUM : 01-08 BYGGEKOSTNAD	31 356 380	31 356 380
SPESIELLE KOSTNADER	642 806	642 806
MVA	7 999 796	7 999 796
SUM : 01-10 BASISKOSTNAD	39 998 982	39 998 982
FORVENTET TILLEGG	2 799 929	2 799 929
SUM : 01-11 PROSJEKTKOSTNAD	42 798 911	42 798 911
USIKKERHETSAVSETNING	1 999 949	1 999 949
SUM : 01-12 KOSTNADSRAMME	44 798 860	44 798 860
PRISREGULERING	1 399 524	1 399 524
TOTAL SUM : KALKYLE	46 198 385	46 198 385

4.6 USIKKERHEIT OG RISOKO

Avkøyring må skje direkte frå tomta, med ny avkøyrsløse, då Vesteland fylkeskommune ikkje vil akseptere utrykkingskøyring gjennom Bjørkheim. Utan direkte avkøyring vil ein heller ikkje kunne nå krav om responstid på under 10 minutt til Samnangerheimen. Både kostnader og løyve til etablering av ny avkøyring mot fylkesveg er usikkert. Fylkeskommunen er kritisk også til denne løysinga, ref. vedlagt notat.

Det er ein føresetnad at delar av kommunal eigedom gnr/bnr 18/46 må opparbeidast til areal for parkering og det må sikrast ny tilkomst til nausta inst i Grunnvågen.

ABO vurderer at det er knytt ein viss reguleringsrisiko knytt til val av denne tomte, då det pågår arbeid med områdeplan for Bjørkheim. Plassering av brannstasjon i dette området fordrar større interesseavvegingar som ein del av pågåande planprosess.

Erverv av grunn er ikkje avklart.

5 NÆRARE VURDERINGAR AV TOMT PÅ LØNNEBAKKEN

Tomta på Lønnebakken vart vurdert i rapport A. Under følger ei nærare vurdering av denne tomta opp mot gjeldande krav og føringar. Følgande punkt frå rapport A er vurdert vidare:

Tiltak langs og i fylkesveg

Byggjegrænse langs fylkesveg, utbetring av kryss og tiltak for betre trafikktryggleik er drøfta med fylkeskommunen i møte. Notat med fylkeskommunen sine vurderingar ligg vedlagt. Brannstasjon og naudsynte infrastrukturtiltak kan plasserast og utformast på ein måte som fylkeskommunen kan akseptere.

Utforming av ny brannstasjon tilpassa tomta

I rapport A vart alle tomtene vurdert etter gitte føringar for krav og funksjonar i bygget, med to alternative storleiker:

- Alternativ 1 - Vognhall med 4 portar + vaskehall, 867 m² BRA
- Alternativ 2 - Vognhall med 4 portar utan vaskehall og redusert areal til enkelte tilleggfunksjonar, 691 m² BRA

Begge alternativa var òg vist med moglegheit for utviding med ekstra vognhall.

I denne rapporten er det teikna ei planløyning tilpassa tomten, dette er nærare beskrive i kap. 6.3.

I rapport A, Lokalitetsvurdering og dimensjonsstudie, vart samla vurdering av denne tomta gjeve gul farge på grunn av usikkerheit knytt til byggjeavstand mot fylkesveg. Dette tema er no avklart med fylkeskommunen i møte, og det er difor ikkje knytt risiko/usikkerheit til dette lengre. Dagens vurdering er difor at tomt på Lønnebakken hamnar i kategori grøn, etter kriteria fastsett i rapport A:

	<i>Tomta er ikkje eigna etter dette kriteriet</i>
	<i>Det krevst nærare undersøkingar og/eller tomta er delvis eigna etter dette kriteriet</i>
	<i>Tomta er eigna etter dette kriteriet</i>

5.1 DAGENS SITUASJON

Tomta ligg like ved avkøyring til bustadfelt i Lønnebakken. Tomta grensar mot fylkesveg i sørvest og mot skog/vegetasjon og bustader i nordaust. Terrenget skrånar mot nordaust, der areala mot fylkesvegen er slakare. Her går ein tilkomstveg til gnr/bnr 23/23 gjennom 24/109, der det i tillegg står ein bustad og ein garasje/uthus.



Figur 10. Dagens situasjon.


5.2 TILKOMST OG INFRASTRUKTUR

Det vart gjennomført møte med Vestland fylkeskommune den 06.06.24, for å få innleiande vurderingar og tilbakemeldingar knytt til byggegrense, avkøyrsele og trafikktryggleik. Referat ligg vedlagt, samt notat frå møte i fylkeskommunen sin TS-gruppe.

Vegkrysset må strammast opp med omsyn til Statens vegvesen sine handbøker og det må gjerast tiltak/inngrep i terrenget for å sikre tilstrekkelege sikttilhøve. Dette er vist på situasjonsplan under 5.2.3

Bygg og parkeringsplassar ligg 25 meter frå fylkesveg, noko fylkeskommunen i møte har stilt seg positiv til. Øvingsområdet er likevel ikkje anbefalt, pga. fare for at trafikkantar vil flytte merksemda frå vegen til øvingsområde. Her kan det setjast opp ein skjerm mot øvingsområdet, med mindre det kan finnast ein annan lokasjon for øving.

Det er små tiltak som er naudsynt for å støtte krav til utforming av kryss i samsvar med gjeldande handbøker.



Figur 11. Situasjonsplan for brannstasjon med naudsynt infrastruktur på Lønnebakken.

5.3 ROMLØYSING

I rapport A (*Lokalitetsvurdeing og dimensjoneringsstudie*) er det vist skisser av brannstasjon på Lønnebakken. Skissene i rapport A viste ein mogleg romorganisering med moglegheiter for utviding, som skulle passe inn på alle tomteene i tomteanalysen.

Til rapport C er det utarbeidd eit forslag til løysing som er bearbeidd og tilpassa tomta. Det er teikna ut fleire løysingar, men vedlagt skisse er den som har blitt kalkulert. Det er også stor fleksibilitet til å justere vist løysing, dersom det er ønskje om ein annan rominndeling.


Vedlagt skisse syner brannstasjon med alle rom i ein etasje og har BRA på ca 700 m². Brannstasjonen består av ein vognhall med 4 portar, vaskehall, garderobeareal, kontor, spiserom, verkstad, lager og tekniske rom.

Frå hovudinngangen er det inngang til ein korridor, der det er tilgang til spiserom/møterom/debrief, kontor, hcwc og kjønnsdelte fingarderober med dusj og wc. Frå fingarderoberne er det tilkomst til ein felles utrykkingsgarderobe med direkte tilkomst til vognhallen. Vaskehallen ligg i tilknytning til vognhallen. Frå vaskehallen er det tilgang til ei felles sluse i urein sone med toalett og barrieremaskiner. Herifrå vert ein slusa gjennom

kjønnssdelte garderobar frå urein sone via dusj til kjønnssdelte garderobar i rein sone, og vidare ut til tørkerommet.

I bakkant av vognhallen er det lager, verksted, reinholdssentral og tekniske rom.

Ved ein eventuell vidare prosjektering må prosjektet utviklast vidare og i samråd med Brannvesenet og kommunen.



Figur 12. Planteikning brannstasjon på Lønnebakken.



Figur 13. Oversikt over ren og uren sone.

5.4 KALKYLER

Det er gjort grove kalkylar av tomta på Lønnebakken. Føresetnadene for tala er dei same som vart lagt til grunn i rapport A (kap. 9.2). Kostnader knytt til erverv av grunn er ikkje inkludert.

Det er lagt inn summer for usikkerheit, men prosjektering er naudsynt for å kunne gje sikrere tal.

Tekst	Brannstasjon	Pris
KALKYLE		
FELLESKOSTNADER	4 538 188	4 538 188
BYGNING	13 410 938	13 410 938
VVS-INSTALLASJONER	3 114 717	3 114 717
ELKRAFTINSTALLASJONER	2 540 672	2 540 672
EKOM OG AUTOMATISERING	934 692	934 692
ANDRE INSTALLASJONER	4 429 340	4 429 340
SUM : 01-06 HUSKOSTNAD	28 968 547	28 968 547
UTENDØRS	8 052 625	8 052 625
SUM : 01-07 ENTREPRISEKOSTNAD	37 021 172	37 021 172
GENERELLE KOSTNADER	3 117 272	3 117 272
SUM : 01-08 BYGGEKOSTNAD	40 138 444	40 138 444
SPESIELLE KOSTNADER	822 838	822 838
MVA	10 240 320	10 240 320
SUM : 01-10 BASISKOSTNAD	51 201 602	51 201 602
FORVENTET TILLEGG	3 584 112	3 584 112
SUM : 01-11 PROSJEKTKOSTNAD	54 785 714	54 785 714
USIKKERHETSAVSETNING	2 560 080	2 560 080
SUM : 01-12 KOSTNADSRAMME	57 345 795	57 345 795
PRISREGULERING	2 613 279	2 613 279
TOTAL SUM : KALKYLE	59 959 073	59 959 073

5.5 USIKKERHEIT OG RISIKO

Realisering av tiltaket utløyer behov for utarbeiding av reguleringsplan, men det er elles ikkje kjennskap til særskilte tilhøve knytt til usikkerheit og risiko ved val av denne tomta. Området er ikkje utsett for naturfarar (skred/flaum). Erverv av grunn er ikkje avklart.

6 OPPSUMMERING

ABO vurderer at sjølve bygget på gnr/bnr 21/38 er eigna til ombygging. Det er likevel trong for store, arealkrevjande og kostbare infrastrukturtiltak, med mindre utrykking skjer gjennom Bjørkheim. Dette er ikkje anbefalt på grunn av trafikktryggleik, potensiell framtidig sentrumsutvikling og responstid.

ABO vurderer at tomt på Lønnebakken no er ytterlegare avklart, og usikkerheit som er skissert i rapport A er eliminert. Tiltak i og nært fylkesveg er avklart med Vestland fylkeskommune. Sjølve bygget er teikna meir detaljert tilpassa tomta. Det er teikna løysingar som stettar gjeldande krav til utforming av brannstasjon. Nokre tilleggsfunksjonar er tatt ut for å redusere kostnader, samanlikna med romløyising i rapport A. Dette gjer at kostnadane med løysing som inkluderer vaskehall er redusert samanlikna med tal i rapport A.

Begge tomtene er uavklart når det gjeld kostnader knytt til, og gjennomføring av, erverv.

7 VEDLEGG

VEDLEGG C1 VLFK møte 06.06.24

VEDLEGG C2 Vestland fylkeskommune, notat TS møte

VEDLEGG C3 Kjell Haug-garasjen, eksisterende tegninger

VEDLEGG C4 Illustrasjonsplan Kjell Haug-garasjen

VEDLEGG C5 Kjell Haug-garasjen- Plan1

VEDLEGG C6 Kjell Haug-garasjen- Plan2

VEDLEGG C7 Kjell Haug-garasjen- snitt

VEDLEGG C8 Kjell Haug-garasjen- ren og uren sone

VEDLEGG C9 Kjell Haug-garasjen- kalkyler

VEDLEGG C10 Illustrasjonsplan Lønnebakken

VEDLEGG C11 Lønnebakken- Plan1

VEDLEGG C12 Lønnebakken- snitt

VEDLEGG C13 Lønnebakken- ren og uren sone

VEDLEGG C14 Lønnebakken- kalkyler